

Stord kyrkjelyd

Årsrapport

2022




" Livet i fokus, nær Gud - nær menneske "

- visjon Stord kyrkjelyd

2022 har vore eit år med mykje kjekk aktivitet, der vi har kome i gang med aktivitetar igjen etter koronapandemien og tatt i mot både ny sokneprest og ny kyrkjemusikar i løpet av året.

I årsrapporten kan ein lesa meir om arbeidet i kyrkjelyden, forfatta av ulike aktørar. Her er ein oversikt over dei ulike årsmeldingane som inngår i årsrapporten:



Innhald

Kyrkjeleg statistikk - 2022	2
Årsmelding 2022 – SOKNERÅDET	3
Årsmelding soknepresten i Stord 2022	4
Årsmelding kyrkjemusikk Stord 2022	5
Årsmelding Trusopplæring 2022	6
Årsmelding Diakoni 2022.....	8
Årsrekneskap	10

Kyrkjeleg statistikk - 2022

STORD	2018	2019	2020*	2021*	2022*
Døypte	144	114	104	119	101
Konfirmerte	132	124	127	118	102
Vigsler	21	17	14	11	33
Gravferd	111	95	73	88	104
Gudstenester	95	77	93	119	91
Deltakarar	18 663	19 538	6 915	7 457	10 193
Takkoffer	443 435	512 226	201 285	197 925	276 078
Utmelding	40	45	33	51	49
Innmelding	3	4	6	4	7

**) 2020-2022 har vore prega av korona-restriksjonar og er såleis ikkje heilt samanliknbar med andre år. Me hadde m.a. ekstra gudstenester i periodar for å få til det vi ønskte, t.d. konfirmasjonar, 4-årsgudstenester, dåpsgudstenester etc.*

Årsmelding 2022 – SOKNERÅDET

I løpet av kyrkjeåret 2022 har det skjedd mykje kjekt i Stord sokn. Tross at starten på året igjen var prega av restriksjonar som følgje av pandemien tok aktiviteten seg opp ila våren. Me har takka av både sokneprest, kantor og biskop i løpet av året – og gler oss til samarbeid med sokneprest Jørgen Knudsen og kyrkjemusikar Noah Wibe i 2023.

Statistikken syner ein nedgang i talet på deltakarar og eit lågare takkoffer – men me håpar at fleire kjem tilbake til kyrkja framover. Soknerådet retter ein stor takk til tilsette og frivillige medarbeidarar som er med å leggje til rette for gode møter mellom menneske, Gud og kyrkja.

Soknerådet handsama 67 saker ila sine 9 møter og deltok på Døgnet saman med tilsette og Nysæter sokneråd i september. Sokneprest Olav Oma slutta i stillinga juni 2022 og gjennom hausten deltok prost Svein Arne Theodorsen som «vikar» for soknepresten medan ein lyste ut etter ny sokneprest. Stas å kunne ta imot Jørgen Knudsen som ny sokneprest 1.juledag.

2022 var Frivillighetens år og Stord Kommune arrangerte «Folk i sentrum» i juni. Kyrkja hadde stand i gata på laurdagen saman med andre frivillige organisasjonar. Det vart og eit høgdepunkt då me søndagen flytta gudstenesta frå utescena og inn på Osvald Pub. Det vart eit godt møte mellom kyrkje og lokalsamfunn og me opplevde oss veldig godt teke i mot av dei tilsette ved Osvald! Soknerådet arrangerte også inspirasjonssamling for frivillige 27.april – med sofaprat og intervju med fleire frivillige.

Kyrkjelydsleiren (4-6.sept) kunne endeleg gjennomførast etter 1,5 år utsetting (pga korona), men var til gjengjeld fullteikna med mange familiar! Me prøvde og nokre familiesamlingar med påfølgande gudstenesteverkstad i Kyrkjestova ila våren. Det har og vore kjekke samlingar med Søndagskaffi og Pizza og Quiz i kyrkjestova. Eit anna høgdepunkt var ungdomsgudsteneste i oktober med heimelaga pizza, quiz og fullt hus i Kyrkjestova etterpå. Soknerådet arbeider og med nytt kyrkjelydshus og gav m.a. innspel i reguleringsarbeid i 2022.

Februar 2023 er det tilsett ein ny spesialprest som skal arbeide med ungdom og studentar, med oppstart frå sommaren. Soknerådet gler seg til å vere med å forme denne stillinga.

Mange i soknet har satt stor pris på kyrkjebladet SPIRA dei siste åra. Redaksjonen vedtok etter to blad i 2022 at det er tid for ein pause i arbeidet. Dette er både grunna endringar i situasjonen for tilsette og dei frivillige som har vore med, og med bakgrunn i dårleg økonomi.

Me håper på eit 2023 med god aktivitet i soknet – og vil gjennom året også ha eit fokus på å leggje grunnlaget for kyrkjevalet i 2023 og at eit nytt sokneråd kan få ein god start i 2024.

Anders Dahl - soknerådsleiar

Stord sokneråd (pr 31.12.2022)			
Sokneprest	Jørgen Knudsen	1.vara	Dag Kjetil Lægreid
Leiar	Anders Dahl	2.vara	Dagfinn Koppang
Nestleiar	Dag Sele	3.vara	Arne Drønen
Rådsmedlem	Nils Dale Elde		
Rådsmedlem	Kirsti Angvik Frugård	Permisjon	Johannes Lamo
Rådsmedlem	Egil Petterteig	Permisjon	Sigrunn Ljosland
Rådsmedlem	Ingeborg Islaug Hatlevik Ørjasæter		
Rådsmedlem	Sigrid Beate Tveit Eskeland		
Rådsmedlem	Signe W. Vorland		

Årsmelding soknepresten i Stord 2022

Prestetenesta

I 2022 var det endringar i prestetenesta i soknet. Året starta med Olav Johannes Oma som sokneprest. Han søkte og fekk soknepreststillinga på Fitjar. 21. august var det avskjeds-gudsteneste der Olav vart takka av på kyrkjekaffien av m.a. soknerådsleiar og prost. Soknepreststillinga vart utlyst, men fekk ikkje tilstrekkeleg søkjargrunnlag, så stillinga vart utlyst på nytt. Etter vanleg tilsettingsprosedyre vart Jørgen Knudsen tilsett som ny sokneprest. Jørgen vart innsett i Stord kyrkje 1. juledag der m.a. soknerådsleiar og prost tok del. I vakansen var prosten fungerande sokneprest, årsmeldinga er skriven av han. Fleire gjorde presteteneste i vakanseperioden, m.a. Sigurd Grindheim, dr.theol. og professor ved Høgskulen på Vestlandet. Sigurd fekk mynde av biskopen til å forretta dåp.

Kyrkjeleg Statistikk 2022

Statistikken for Stord sokn er i år tilgjengeleg annan stad i Årsrapporten for Stord kyrkjelyd. Nedanfor kjem kommentarar til nokre av tala.

Gudstenester

Året starta med restriksjonar grunna pandemien. Etter som restriksjonane vart oppheva, har oppslutnaden om gudstenestene auka og talet på gudstenester gått ned, jfr. mindre trong for dobbelgudstenester ved t.d. dåp. Og i 2022 har ein satsa på gudstenester utanom kyrkjerommet, t.d. i Vidstenparken og nytt av året, gudsteneste på Osvald Pub.

Gudstenesteutvalet er ein god ressurs i gudstenestearbeidet, det såg vi m.a. i samband med kveldsgudsteneste i oktober med påfylgjande pizza og quiz med ungdom som målgruppe. Mange frivillige gjer ei særskild viktig teneste i samband med gudstenestene, som døme kan vi nemne dei 3 gudstenestene julaften der 10 frivillige deltok på kvar gudsteneste.

Dåp og nattverd

Tala på døypte og konfirantar er framleis høge, sjølv om dei syner ein reduksjon frå året før. Dåp: 101, mot 119. Konfirantar: 102, mot 118.

Vigsel

Etter mange år med nedgang, og før pandemien, var det i 2022 ein betydeleg auke i talet på vigslar, frå 11 i 2021 til 33 i 2022, i 2019 var talet 17. God tilbakemeldingar på vigslane.

Gravferd

Det vart gjennomført 104 gravferder frå Stord kyrkje, 88 i 2021. Vi må tilbake til 2018 for å finna så høgt tal. Det vert utført eit viktig sorgstøttarbeid i samband med død og gravferd. I januar var det ei dødsulukke på Stord der ein elev ved Stord vidaregåande skule omkom. I denne krisa var det eit godt samarbeid mellom kyrkja, kriseteam og skoleleiing.

Oppslutnad

Oppslutnaden om gudstenestene er aukande men ikkje heilt tilbake til tala før pandemien. Som døme nemner vi julaften der det i 2022 var vel 1000 (150 i 2021), mot om lag 1500 før pandemien. Det var ei stor oppleving å feira julaftangudstenestene i år. samtidig ser vi at vi har eit viktig arbeid å gjera for å framleis auka oppslutnaden om gudstenestene.

Sokneråd

Prestane er samde om at det er godt å samarbeide med eit særskild dugande sokneråd.

Med ynskje om Guds signing for Stord kyrkjelyd. Svein Arne Theodorsen, prost

Årsmelding kyrkjemusikk Stord 2022

Årsmeldinga beskriv tida frå då eg (Noah Wibe) vart tilsett som kyrkjemusikar i 100 % vikariat for Ole Jørgen Furdal frå ca. 1. juni. Det kyrkjemusikalske arbeidet bestod i sommarperioden av musikk til vigslar og gudstenester. Verdt å nemna frå sommaren er gudstenesta på Osvald pub i Leirvik sentrum den 12. juni med fullsett pub. Gudstenesta var i utgangspunktet tenkt på ei scene utanfor Osvald, men vart flytta inn i puben grunna dårleg vêr. Kyrkja viser si takksemd til dei involverte som gjorde dette mogleg. Den 26. juni var det utandørs gudsteneste i Skiparvik i Sagvåg i forbindelse med Fest-i-vest. Gudstenesta den 21. august vart siste gudsteneste med Olav Johannes Oma som sokneprest før han vart sokneprest i Fitjar. Når det gjeld gudstenester i Vidsteenvarden året 2022 vart den siste 4. september. Klokka 19:00 den 30. september var det kveldsgudsteneste i Stord kyrkje der ungdommar og konfirmantar vart spesielt invitert. Jonas S. Eide spelte tangentar og bass, og med seg hadde han to vener til å spela slagverk og gitar. Etter gudstenesta var det pizza og quiz i kyrkjestova Fredheim for ungdomane. Dette må ein kunna seia vart ein suksess!

Frå og med 1. oktober vart eg tilsett som kyrkjemusikar i 100 % stilling. Nytt, spennande og (framleis) mykje å setja seg inn i. Søndag 11. november var det minnegudsteneste i Stord kyrkje. Utanom prest og kyrkjemusikar deltok diakoniutvalet, og Orlaug Evensen spelte fiolin. Det vart ei minnerik gudsteneste, og me fekk mange svært gode tilbakemeldingar på fiolinspelinga til Orlaug – ho er veldig ønska til minnegudsteneste hausten 2023.

Kyrkjemusikaren starta kyrkjeband for vaksne, og første øvinga var på kveldstid i kyrkjestova Fredheim den 24. oktober. Medlemmane har full jobb til vanleg og er opptekne med sitt, så diverre blei det berre to øvingar i 2022. Tanken er likevel å involvera band i gudstenester og på anna kyrkjelege arrangement når medlemmane har moglegheit. Kyrkjemusikaren har løypande dialog med medlemmane når det gjeld å involvera bandet i gudstenester. Sjølv om bandet diverre ikkje har fått spela på gudstenester enno vil eg likevel trekka fram at Jonas S. Eide (kyrkjetenar deltid) har bidrege ved fleire høve på djembe til salmeakkompagnement i Stord, der me har fått svært gode tilbakemeldingar frå kyrkjelyden.

Det er ikkje å leggja skjul på at desember var ein hektisk månad. Det starta med julevandringar 29. november og søndag 27. klokka 18:00 og 20:00 var det lysmesser i kyrkja med fullt deltakande konfirmantar. Dei tradisjonelle julekonsertane vart haldne i tradisjons tru andre søndag i advent 4. desember, med stor suksess. Stord Con Spirito og Stord Soul Children måtte diverre melda avbud til konserten kl. 17:30, men Ichtus fekk syngja (for første gong). Torsdag 8. desember klokka 19:00-20:30 var det open kyrkje i regi av diakoniutvalet. Her blei spelt meditativ orgelmusikk. Skulegudstenestene vart haldne 13. og 15. desember. På julaften vart tre gudstenester haldne, der Langeland skulekorps spelte til salmar og postludium på første, Andrea Myhre spelte tverrfløyte på andre og Sandra Linnèa Lindwall song på siste. Stor fest på Jesu fødedag!

I romjula var Øystein H. Aadland organistvikar. Her kan nemnast at det vart innsetjing av Jørgen K. Knudsen som ny sokneprest i Stord.

Noah Wibe , kyrkjemusikar

Årsmelding Trusopplæring 2022

I Guds store hand – skal me finna tru, håp og kjærleik, og det har mange barn og unge gjort i Stord kyrkje det siste året. Her har vore samlingar for nokon kontinuerleg gjennom året, og for andre som enkelttiltak. Me har lært om Jesus både på kvardagar og i gudstenester på søndagen.

Tilsette i Trusopplæringa:

Elisabeth V. Fauskanger (permisjon frå hausten 2022), Anne Brandvik Nilsen og Ingvild Baugstø Almås har alle 100% stilling. Med mykje sjukemelding har det ikkje vore utført arbeid i tre heile stillingar nokon gong dette året. Året avslutta med ein pedagog i arbeid.

Trusopplæringsutval (TOL-utval)

Trusopplæringsutvalet er felles for Stord og Nysæter og består av to representantar frå kvart sokn, samt tilsette frå Trusopplæringa. Frå Stord sokn er Sigrunn Ljosland og Anders Grov Nilsen med. I 2022 hadde me fem møter og har bl.a. jobba med Her & Der, samt leikekrok i kyrkjene. Ny/revidert trusopplæringsplan er på trappene, og utvalet har så vidt starta arbeidet.

Aktivitatar og ulike tiltak i Trusopplæringa:

T0-9 babysong og Pølsefest

Babysong har vore eit tilbod måndagar kvar 14.dag. Her har det vore bra oppslutning med totalt 57 babyar innom, noko som utgjer rundt 33% av alle dei døypte. Det har vore eit felles tiltak både i Stord og i Nysæter. T123, T456 og T7-8 blei slått saman til T1-9 Pølsefest frå hausten av, grunna bemanning. Dette er samlingar onsdagar kvar 14. dag der over 90 ungar har vore innom for songstund med bibelforteljing, pølsefest, leik og aktivitatar. Rundt 8-9% av dei døypte.

T 14 Konfirmasjon

Konfirmantane hadde tre samlingar utover våren før konfirmasjonen. Under to konfirmasjonshelger i mai, var det 102 konfirmantar som blei konfirmerte. 80% oppslutning. Hausten starta med 113 nye konfirmantar. Me drog til Solgry ein ettermiddag for å bli kjent. Elles hadde me presentasjonsgudsteneste 28. august og lysmesse 27. november. Me hadde tre samlingar utanom.

T12- Her & Der

Her & Der har hatt jamne samlingar ein måndag i månaden heile året. Dette er ei fellessamling for både Stord og Nysæter og me har vore på Sagvåg skule og hatt pizzalaging-konkurranse, vore på Solgry, hatt utekveld i Parken og hatt grautfest på Valvatna for å nemna noko. Ein fin gjeng på +- 20 ungdommar som møtes jamt. Dette er samlingar med mykje ulik aktivitet, mykje leik og med ein andakt midt i.

T 9 Tårnagenthelg og T 11 Lys vaken

Begge desse tiltaka er helgesamlingar med ei samling fredag/laurdag og med deltaking på gudstenesta søndag. Tårnagenthelga blei arrangert fredag 18. og søndag 20. februar. 22 niåringar stilte. Lite med 2 timar på fredagen, men elles fungerte fredag betre enn laurdagskveld slik som tidlegare. Lys Vaken er helga før advent (19.-20.11). 11-åringane i 2022 blei historiske med at det var fyrste kullet som nokon gong har overnatta i kyrkja. Under

lysvåken-natta var det 21 ungar med. Dei fekk ei magisk kveld/natt i kyrkjerommet og var vakne for GUD, kvarandre og seg sjølv.

T 10-13 «Like mykje verdt»

Dette var eit tilbod me hadde for 10 og 11-åringar med samling torsdagskveld den 24. mars. Dei var delaktig på gudstenesta søndag 27. mars der dei fekk kvar sitt gripekors. Totalt 27 ungar var med på dette tiltaket. Gode tilbakemeldingar på eit kjekt opplegg.

T 4 Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbok og undretur laurdag

Familegudstenesta med utdeling av barnebibel til fireåringane fann stad 2. oktober. Det blei delt ut bøker til 42 jenter og gutar fordelt på to gudstenester, som utgjør 36% av fireåringane i soknet. På laurdagen møtte barna både organist og prest i tillegg til frivillige for ein undretur både i tårn og i kyrkjerom.

Andre kjekke ting me har gjort i Trusopplæringa:

- Julevandring med barnehagane i frå heile kommunen.
- Skulebesøk med ulike tema og aktivitet.
- Skulegudstenester før jul for alle skulane i kommunen.
- Blitt inspirert på Trusopplæringskonferanse på Gardermoen i oktober.

Frivillige medarbeidarar

Eit utfordrande år med mykje sjukemelding har satt sitt preg, men me håpar likevel me har gitt gode opplevingar for barn og unge og møtt dei der dei er i livet.

Tusen takk til alle som på ulike måtar er med og bidreg i Trusopplæringa i kyrkja vår. Utan frivillige kan ein ikkje driva trusopplæring på det nivå me har i dag.

Ingvild Baugstø Almås

Kyrkjelydspedagog



STØRST AV ALT

Årsmelding Diakoni 2022

Året 2022 har vore eit innhaldsrikt år for den diakonale tenesta i Nysæter og Stord sokn. Covid 19 - epidemien satte framleis nokre begrensningar ved starten av året, men etter kvart vart det eit betre og opnare samfunn. Det var bra for diakonien ned tryggare relasjonar mellom menneska.

Diakoniutvalet er eit felles utvalg for Nysæter og Stord sokn. Utvalget har i 2022 bestått av: Ingebjørg Grønsdal og Marit Johnsen frå Nysæter sokn, Signe Wiersen Vorland og Dagfinn Koppang frå Stord sokn. Soknediakonen er fast medlem og skrivar i utvalget.

Soknediakon Olaug Irene A. Gloppen hadde 60 % stilling t.o.m. 31.08.2022. F.o.m. 01.09.2022 auka ho stillingsprosenten til 75%.

Nokre av Diakoniutvalget sine oppgåver i 2022:

Open kyrkje i Stord: Diakoniutvalet hadde open kyrkje tre gonger. Open kyrkje er eit tilbod der kyrkjerommet er ei viktig ramme, musikken frå orgelet gir ro og fred, lystenning gir håp og bøn, ro og refleksjon gir styrke i ein travel kvardag .

Temakveld i Stord kyrkje: Torsdag 31. mars arrangerte diakoniutvalget temakveld i Stord kyrke. Tema var «psykisk helse og rusomsorg». Kenneth Stenbråten, leiar for «Psykisk helse og rus, avd. Maris» på Stord, held eit innlegg og sang.

Minnegudsteneste Allehelgensdag: Diakoniutvalet deltok i lag med diakon på minnegudsteneste Allehelgensdag. Pårørande til dei som døde i 2022 vart innviterte til gudstenesta. Diakoniutvalet var med å lese navn, tenne lys og servere enkel kyrjekaffe etterpå. Kyrkjemusikar Noah Wibe gav ei nydeleg musikalsk oppleving i lag med solist Orlaug Evensen på fiolin.

Døvegudsteneste søndag 13. mars: Det var døvegudsteneste i Nysæter kyrkje søndag 13. mars. Diakoniutvalget deltok som kyrkjevertar og med lystenning under forbøna.

Diakoniens dag søndag 18. september: Både diakoniutvalget og soknediakonen opplevde det fint og inspirerende å ha diakonien i kyrkjelydane som tema og fokus på ei gudsteneste. Søndag 18. september var det diakoniens dag i Stord kyrkje. Diakoniutvalget deltok under gudstenesta med forbøn for kyrkja sitt lokale diakonale arbeid. Soknediakonen held preiken. Det vart også informasjon om arbeidet som diakoniutvalget og diakonen gjer. Etter gudstenesta var det kyrjekaffe med kaker.

Nokre av oppgåvene til soknediakonen 2022:

- Diakonen går med blomehelsing etter dødsfall til dei som har mista ektefelle eller barn. Det har blitt mange samtaler i heimane i 2022, både sorgarbeid og sjelesorg.
- Sorgarbeid: Sorgarbeid er ein viktig del av diakonen si teneste. På hausten starta diakonen opp ei sorggruppe i lag med Marta Kristin Valvatne. Sorggruppa er felles for begge sokna.

- Nattverdssamlingar på Stord sjukeheim: Stord sjukeheim har egne nattverdssamlingar for bebuarar som ønsker nattverd. Diakonen leier desse samlingane i lag med aktiviteten Kjersti Muri ved Stord Sjukeheim.
- Andaktar på institusjonar: Både frivillige, diakon og prestar held andakt på institusjonane, dvs. på Stord sjukeheim, på Knutsaåsen omsorgssenter og på Buneset. I tillegg er det frivillige som spelar piano til songane.
- Samlingar/teamsmøter med diakonane i Bjørgvin bispedøme: Våren 2022 var det nokre teamsmøter med alle diakonane i Bjørgvin bispedøme. Ellers har det vore eit par samlingar i Bergen. Dette er nyttige inspirasjonssamlingar som diakonen har prioritert.
- Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon: KN sin fasteaksjon er diakoni på internasjonalt plan. Diakonen samarbeider med tilsette i trusopplæringa og pretane med å arrangera fasteaksjonen. I 2022 deltok konfirmantar med dør-til dør- aksjon.

I både Nysæter og Stord sokn er det mykje som skjer. Diakonien, kyrkja si omsorgsteneste, er tilstades både i trusopplæringa, i gudstenestelivet, i alt fellesskapsbyggjande arbeid, i diakoniutvalget sitt arbeid, i arbeidet for innvandrarar m.m. Kyrkjelydane bør vere glade og stolte av dei gode diakonale tenestane som er til stades. Det skjer også mykje kvardagsdiakoni på jobb, i familiane, i lokalsamfunnet og der menneske møtes.

Olaug Irene A. Gloppen
Soknediakon

Årsrekneskap

Stord sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytinga kommunen gjer for kyrkja. Soknerådet har mottatt førebels rekneskap pr 31.12.2022, men ventar på endeleg rekneskap og revisorfråsegn. Førebels rekneskap er lagt inn i årsrapporten.

Soknet ser ein auka i takkoffer-inntektene frå 2021, men er framleis langt under nivået i 2019 (før koronapandemien). Økonomien i soknet går om lag i null og om lag 55% av takkofferinntektene vert gjeve til eksterne føremål

Nokre fleire kommentarar om rekneskapstala for 2021:

- Inntektene frå takkoffer er på kr 274 284,-. Dette er om lag 50 000kr høgare enn i 2021, men mykje lågare enn nivået tilbake i 2019 (432 774,-).
- Kyrkjebladet Spira vart gjeve ut 2 gonger i 2021. Totale inntekter for bladet består av ein miks av sponsorinntekter, (private) gåver og kr 15 000 i tilskot frå Nysæter sokn. Blada i 2022 gjekk med eit underskot på totalt ca kr 50 000 som dekkjast av Stord sokneråd. Bladet har for tida ein pause og vil bli vurdert på nytt ila 2023.
- Soknet si faste givarteneste går til Kyrkjestova Fredheim. Det er totalt kome inn kr 257 600,- gjennom denne ordninga i 2022. I tillegg har det vore fleire takkoffer øyremerka Kyrkjestova, som har gitt ca 20 000,- i gåver. Takk til alle som gir!
- Soknerådet fekk tildelt støtte frå Bufdir for å halda PREP-kurs i 2020, totalt kr 35 000,-. Grunna korona har kurset vore utsett fleire gonger, og vart avlyst seint i 2021. Midlane vart betalt tilbake tidleg i 2022 og dette «underskotet» i 2022 vert dekkja av midlar i «bunde fond».
- Stord sokn har motteke kr 6 650,- i støtte med bakgrunn i koronatiltak.
- Resultatet for soknet sin økonomi i 2021 er eit underskot på kr 39 611,-.
 - Kr 35 000 av dette er tilbakebetalinga av PREP-midlar.
 - Underskotet vert og redusert med kr 6 200,- frå «bunde midlar» som gjeld sal av annonser i SPIRA som var seld allereie i 2021.
 - **Etter desse to justeringane vert årsresultatet eit overskot på kr 1 589,-**
- **Stord sokn har ein eigenkapital på kr 453 231,- per utgangen av året.**

Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regulert budsjett		
	Regnskap 2022	2022	Regnskap 2021
INNTEKTER			
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-257 600	-220 000	-274 850
Statlige tilskudd	-6 650	0	0
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-349 368	-483 000	-350 361
Sum driftsinntekter	-613 618	-703 000	-625 211
UTGIFTER			
Kjøp av varer og tjenester	142 852	221 250	164 738
Tilskudd og gaver	522 619	496 000	419 754
Sum driftsutgifter	665 471	717 250	584 492
Brutto driftsresultat	51 853	14 250	-40 719
Renteinntekter og utbytte	-12 242	-5 000	-4 147
Netto finansinntekter/-utgifter	-12 242	-5 000	-4 147
Netto driftsresultat	39 611	9 250	-44 866
INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER:			
Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-38 666	-9 250	0
Bruk av bundne fond	-41 200	0	0
Sum bruk av avsetninger	-79 866	-9 250	-13 713
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0	0	13 713
Avsatt til disposisjonsfond	38 666	0	0
Avsatt til bundne fond	0	0	6 200
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0
Sum avsetninger	38 666	0	19 913
Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd)	-1 589	0	-38 666
Regnskapsmessig merforbruk (underskudd)			

Balanseregnskapet

Tall i 1 kroner	Regnskap 2022	Regnskap 2021
EIENDELER		
Anleggsmidler	0	0
Omløpsmidler	538 464	629 052
Kortsiktige fordringer	2 857	12 006
Kasse, postgiro, bankinnskudd	535 608	617 046
SUM EIENDELER	538 464	629 052
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	-453 231	-492 842
Disposisjonsfond	-451 642	-412 976
Bundne driftsfond	0	-41 200
Regnskapsmessig mindreforbruk	-1 589	-38 666
Gjeld		
Langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	-85 233	-136 209
Annen kortsiktig gjeld	-85 233	-136 209
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-538 464	-629 052

Beskrivelse	Rekneskap pr 31.12.22		Budsjett 2022 (Hele året)		Avvik		Rekneskap pr 31.12.21	
	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
Total	625 860	665 471	708 000	717 250	-82 141	-51 779	629 358	584 492
Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring	28 544	26 390	36 000	36 000	-7 456	-9 610	18 450	13 967
Deltakarbetalning	-	-	-	-	-	-	6 000	-
Konfirmantar, fest, mat o.l.	-	-	-	-	-	-	-	5 200
Takkoffer til Trusopplæringa	16 904	-	24 000	-	-7 096	-	10 450	-
Takkoffer til diakoniarbeidet	11 640	-	12 000	-	-360	-	2 000	-
Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR	-	26 390	-	36 000	-	-9 610	-	8 767
Takkoffer og givarteneste til andre	208 499	218 797	206 000	206 000	2 499	12 797	129 100	124 155
Takkoffer til eksterne organisasjonar	100 265	100 137	96 000	96 000	4 265	4 137	73 633	69 949
Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	51 884	51 635	50 000	50 000	1 884	1 635	300	296
Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	56 350	55 525	60 000	60 000	-3 650	-4 475	55 167	53 910
Tilskot/stønad til lag og organisasjonar	-	11 500	-	-	-	11 500	-	-
Kyrkjelydshus / Kyrkjestove	277 594	277 432	244 000	244 000	33 594	33 432	285 745	285 283
Givertjeneste - Kyrkjestova	257 600	257 600	220 000	220 000	37 600	37 600	268 850	268 850
Takkoffer til kyrkjestova	19 994	19 832	24 000	24 000	-4 007	-4 168	16 895	16 433
Kyrkjelydsarbeid	69 915	31 142	105 000	76 000	-35 085	-44 858	68 139	19 318
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	35 287	-	72 000	-	-36 713	-	42 000	-
Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	22 386	-	18 000	20 000	4 386	-20 000	20 042	2 790
Kveldssamling	-	-	10 000	10 000	-10 000	-10 000	1 950	1 549
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Arrangement utan billettinntekter	-	10 385	-	15 000	-	-4 615	-	7 151
Diakonale tiltak (i regi av SR)	-	-	-	3 000	-	-3 000	-	-
Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.	-	8 799	-	6 000	-	2 799	-	1 019
Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)	-	2 318	-	5 000	-	-2 682	-	742
Innbu, utstyr, bøker	-	-	-	2 000	-	-2 000	-	-
PC-utstyr, lyd-utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Vedlikehald innbu/utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Tilskot/stønad til eige arbeid	-	-	-	-	-	-	-	-
Velferdstiltak, gåver o.l.	-	2 349	-	2 000	-	349	-	-
Diverse, andre utgifter	-	-	-	-	-	-	-	-
Kurs, Døgnet o.l.	-	-	-	10 000	-	-10 000	-	1 600
Renteinntekter	12 242	-	5 000	-	7 242	-	4 147	-
Gebyr bank	-	7 291	-	3 000	-	4 291	-	4 466
Kyrkjeblad	58 200	107 710	105 000	140 250	-46 800	-32 540	122 436	139 987
Kyrkjeblad	58 200	107 710	105 000	140 250	-46 800	-32 540	122 436	139 987
Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement	11 458	4 000	12 000	15 000	-542	-11 000	5 488	1 782
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	11 458	-	12 000	-	-542	-	5 488	-
Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor	-	4 000	-	15 000	-	-11 000	-	1 782
Prosjektmidlar	-28 350	-	-	-	-28 350	-	-	-
Tilskot/gåver frå andre	-35 000	-	-	-	-35 000	-	-	-
Arrangement uten billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Tilskot/gåver frå andre	6 650	-	-	-	6 650	-	-	-
Deltakarbetalning	-	-	-	-	-	-	-	-
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Resultat (overskot / underskot)	-39 611	-	-9 250	-	-30 361	-	44 866	-
Takkoffer totalt	274 284	175 494	328 000	210 000	-53 717	-34 506	227 625	144 631
Disponeringar til balansen	41 200	1 589	9 250	-	31 950	1 589	-	44 866
Underskot dekkja av midlar i ubunde fond	-	-	9 250	-	-9 250	-	-	-
Overskot overført til ubunde fond	-	1 589	-	-	-	1 589	-	38 666
Bruk av øymerka midlar (bunde fond)	41 200	-	-	-	41 200	-	-	-
Øymerka midlar (bunde fond) til seinare bruk	-	-	-	-	-	-	-	6 200
Resultat etter disponering (skal vere 0)	0	0	0	0	0	0	0	0